

#velkommenvik


# Sommaravisa

VIK I SOGN 2023

Bamaløft™  
festivalen



Fres



Norsk  
Bringebærfestival



Vik kommune



VERDSARVKOMMUNE

God sommar!

# Gamalostfestivalen 26.-29. mai

## PROGRAM

### FREDAG 26. MAI

- |      |                                     |
|------|-------------------------------------|
| 1900 | Kulturveld Vikjahalli (1)           |
| 1900 | Konsert Hove kyrkje                 |
| 2100 | Kulturveld Vikjahalli (2)           |
| 2200 | Dans på Blix hotell m/Tor Talle Duo |
| 2245 | Dans Vikjahalli med Gamlekara       |



### LAURDAG 27. MAI

- |           |  |
|-----------|--|
| 0930      | Frukost kommunepllassen, 50 kr pr pers.            |
| 0930      | Opning kommuneplassen                              |
| 0930      | Vik Musikklag spelar på kommunepllassen            |
| 1000      | Sogn Sparebank deler ut gåver, Årets idrettsutøvar |
| 1100-1300 | Fiskekonkurranse for born på kaien                 |
| 1100      | Musikk og omvising på Kristianhus                  |
| 1200      | Musikk og song ved meieriet                        |
| 1200      | Gamalostkoking ved meieriet ved Ragnar Hove        |
| 1400      | Fotballkamp Vik-Førde 2                            |
| 1600      | Tingsete Gamalostlaget på meieriet                 |
| 2000      | Konsert Hove kyrkje                                |
| 2100      | Utekonsert på Nytorget med Folk Flest og Plumbo    |

Boder langs naustrekka og andre stader

### SUNDAG 28. MAI

- |      |  |
|------|--|
| 1100 | Gudsteneste Arnafjord kyrkje                                       |
| 1200 | Vandring Vikøyri frå Kaikanten v/Arne Inge Sæbø.<br>50 kr pr pers. |
| 1800 | Konsert med Vik Songlag i Vikjahalli                               |
| 2000 | Quiz på Blix hotell v/Anne Mårdalen                                |

### MÅNDAG 29. MAI

- |      |                                |
|------|--------------------------------|
| 1600 | Syng med oss på skulen i Feios |
|------|--------------------------------|

**Sjå meir:** [www.gamalostfestivalen.no](http://www.gamalostfestivalen.no)

### BILLETSAL

I år føregår alt førehandssal av billettar berre på nettet til kulturkilden fredag, konsertane i Hove kyrkje og konserten med songlaget. Billettar får ein kjøpt og betalt ved å gå inn på heime-sida til Gamalostfestivalen, [www.gamalostfestivalen.no](http://www.gamalostfestivalen.no). Då må ein gje opp kva arrangement ein kjøper billett til. Elles kan ein kjøpa billettar i døra ved å møta opp før arrangementi. Billettpris 300 kr.

### FRUKOSTEN

50 kr. pr person. Inntektene går til lag og organisasjonar.

*Velkommen til frukost på kommuneplassen laurdag.*

### Syng med oss

Dette året blir arrangementet på skulen i Feios mandag 2. pinsedag kl 1600. Det blir allsong med ei gruppe fra Røde Kors besøksteneste. Kaffi og kaker.



# Gode lesarar av Sommaravisa

Etter ein lang vinter ser me no at det grønkast og at våren og sommaren er i anmarsj. Eit sikkert vårteikn er lukta av gylle, enten ein likar det eller ikkje. Me bur i ein fantastisk flott landsdel og i ein flott kommune, og våren er kanskje den finaste tida der snøen ligg på toppane og børar og lier grønkast, eit flott syn for augo.

No nærmar det seg og nok ein cruise-sesong. Fyrste skipet har allereie vore her og mange fleire er venta framover. Dette skaut fart i førre sesong og etter ein del prøving og feiling, så ser det ut til at dette er noko som kan setja Vik kommune verkeleg på kartet når det gjeld turisme. Skipa kjem ofte frå større hamner og byar for så å komma til Vik der passasjerane får sjå det ekte og nære livet som vi kan presentera. Dette veit eg at cruisepassasjerane set pris på, og derfor bør vi utvikla dette på ein måte som ikkje øydelegg eit slikt inntrykk. Denne næringa er og på politikarane sitt bord, korleis vil me utvikla cruisenæringa slik at mest mogeleg av inntektene ligg att lokalt? Dette spørsmålet må vi ta stilling til, og min klåre meinings er at dette må utviklast slik at det er me som sit i førarsetet og slik at ikkje all verdiskapinga fer ut av kommunen vår.

Kultur- og idrettskommunen Vik kan vi vera stolte av. Denne sommaren vil me kunna tilby eit svært variert og flott tilbod til både eigne innbyggjarar og tilreisande.

Gamalostfestivalen finn stad i pinsehelga den 26.-29. mai. Her er det eit program som spenner frå konsert i Hove kyrkje, fotballkamp og til full fart på Vikøyri med Folk Flest og Plumbo. Mange flotte arrangement og så håpar me sjølv sagt på godt ver.

Den 10. og 11. juni er det songarstemne i Vik med mange tilreisande songkor.

Fres Festival, den beste musikkfestivalen på Vestlandet, finn stad den 28.-30. juli og her kjem det mange «kanoner» som verkeleg vil laga liv og røre i Fresvik denne helga.

Innan idretten så har det komme eit nytt tilbod som alle kan vera med på, nemleg rugby. Her vert det rugbyturnering den 22. juli på Vik stadion. Til og med med lag frå England.

Bringebærfestivalen vert arrangert den 11.-13. august, og festivalen har eit innhald som før om åra.

Sandvolleyballturnering blir det og i løpet av sommaren. Når det blir, er ikkje bestemt enno.

Så må eg nemna at Vik musikklag som vart skipa i 1933 er 90 år i år. Dette vert feira med jubileumskonsert den 18. november.

Elles så er det liv og røre nesten kvar ei-naste ettermiddag i idrettsparken der fotballen er byrja å rulla att med mange lag som spelar kampar mot andre sognalag. Eg vil på det sterkeste tilrå å gå å sjå på aldersbestemt fotball der jenter og gutter i alle aldrar har det kjekt i lag.

Dette og meir til kan ein oppleva i kommunen vår. Men dette kjem ikkje av seg sjølv. Alt som vert tilrettelagt og arrangert for at me skal ha det kjekt krev at nokre står på og får alt på plass. I vår kommune har vi alltid vore gode på dugnadsarbeid, og me har alltid eldsjeler som nyttar enormt mykje av tida si til slikt arbeid. All respekt til dei som får dette til og som står på for oss andre.

Så vil eg nemna litt andre saker som betyr mykje for kommunen vår. Nytt helse- og omsorgssenter tek for alvor form. Dette er den største satsinga Vik kommune nokon sinne har gjort. Me tek på alvor at vi skal vera ein kommune som skal vera god å veksa opp i og god å bli gammal i, og me skal ta godt vare på alle våre innbyggjarar anten dei er friske eller sjuke, og me skal ta godt vare på og ta godt i mot våre nye landsmenn som er på flukt frå sitt eige land.

Feioskraft vert no endeleg realisert etter mange år der ein har venta på rette tids-punktet å starta på. Dette vert eit lyft for kommunen og ikkje minst Feios der mykje av verdiskapinga fell attende på lokalt eigarskap, næringsliv og grunneigarar. Ny 100 gwh inn som eit bidrag inn i det grøne skiftet i tillegg til dei vel 900 gwh Vik produserer frå før må seiast å vera bra. Så veit me at både dette og Statnett sin nye trase' som kjem gjennom vår kommune utfordrar korleis vi på best mogeleg måte skal gjera dette slik at ein ikkje får unødig belastning på miljø og grunneigarar. Her er det oppretta god dialog mellom kommunen og kraftselskapa, og eg har tru på at ein får

dette til på ein god måte. Vik kommune vil framover vera i ein veldig god posisjon om å kjempa om nye arbeidsplassar inn i fornybar energi,

alt på grunn av at me vil få store kraftressursar som kan nyttast til dette. Me treng ikkje debatten om vindmøller slik vi ser andre kommunar tyr til i streben etter meir kraft.



Vik meier er ei viktig sak som det vert jobba med saman med Sogn Nærings. Det å halda på arbeidsplassane og utvikla desse lokal til noko framtidssretta er svært viktig. Kva om Vik og meieriet vert sogneregionen sitt hovudsete innan lokal mat og drikke slik Lærdal og Lærdal grønt har vorte på frukt og grønt? Dette er noko av det som vert jobba med.

Når det gjeld samferdsle så går vi spennande tider i møte. Ny nasjonal transportplan skal vedtakast i 2024, samt investeringsbudsjettet til regional transportplan. Det er no fullt køyr med å reisa på alle dei viktige møta der ein kan vera med å påverka resultatet. Eg har alltid trua på at vi skal få gjennomslag for våre prosjekt.

Eg ynskjer å få alle gode krefter til å dra i same retning. Med ein løysingsorientert tone og gjensidig respekt skal me løysa utfordringane me møter. Vik kommune er eit lagarbeid som eg vil ha alle med på. Den sterkeste krafta i eit samfunn er fellesskapen.

Med beste ynskje om ein retteleg god sommar.

Roy Egil Stadheim  
Ordførar

# Kulturkvelde i Vikjahalli

Som vanleg under Gamalostfestivalen vert det Kulturkvelde i Vikjahalli på fredagen. Det vert to førestillingar, kl 1900 og kl 2100. Det gjer at ein kan få med seg både konsert i Hove kyrkje og Kulturkvelden. Etter siste førestilling spelar Gamlekara til dans.

I år er me så heldige å få Ingvild Bryn, vossataus og kjend frå Dagsrevyen, til å vera festleiar. Ho er ein svært habil pianist og vil både vera akkompagnatør og skal spela til allsong.

Mange aktørar vil vera i aksjon, og me kan nemna violinisten Terje Tønnesen som er omtala annan stad i avisra. Vidare kjem Gygrene, og Øyrakjerringane har vakna til live att. Det vert fleire med, men resten får vera

overraskingar. Billettar kjøper ein ved å gå inn på heimesida, [www.gamalostfestivalen.no](http://www.gamalostfestivalen.no), eller ein kan kjøpa billettar ved inngangen.

## «Kan eg få mopeden din?»



Gamlekara spelar til dans i Vikjahalli etter Kulturkvelden. Foto: Studio 1 fotografene

Kulturkvelden i år er som vanleg eit dugnadsprosjekt der også Ingvild Bryn stiller som dugnadsarbeidar. Under oppveksten på Voss lærde ho at frivillig innsats frå eldsjeler er avgjerande for å halda oppe kultur- og idrettslivet, og også

som voksen i hovudstaden bruker ho mykje av fritida si på frivillig arbeid.

I sitt daglege arbeide i Dagsrevyen, arbeider ho med Ukrainskrigen og andre viktige og seriøse saker. På kulturkvelden

er det ei anna Ingvild vi blir kjende med, både bak mikrofonen og tangentane. Oppgjevet ho får er blide fjes i salen, trivelege møte med bygdefolk og ho får vitja bror sin, Nils-Ingar. Og kanskje takkar ho ja til ei grovbrødskive med heime-




Ingvild Bryn skal vera festleiar på Kulturkvelden fredag.

laga gamalost frå Ragnar Hove og med Meieriet si frisktappa bringebærsaft til?

Med seg på scenen fredagskvelden vil Ingvild ha ein solid flokk, både lokale og tilreisande. Scenen på grennahuset er vanlegvis den fyrste satsplanken for unge og nye kulturerarar.

Og kva med mopeden? Det får du svar på på kulturkvelden!



Som vanleg vert Kulturkvelden i Vikjahalli, kl. 19.00 og kl. 21.00.



## Utstillingsplass/stand

Standleige under Gamalostfestivalen: 800 kr, for medlemer av Vik Næringsamskipnad 600 kr. Lokale handverkarar 400 kr. Gratis for lag og ideelle organisasjonar.

Kontakt Lars Hansen, tlf.: 451 20 477 eller e-post: post@linuxlars.no

## Leidolv Finden-naustet

Leidolv vil som vanleg ha ope naust på laurdagen under Gamalostfestivalen. Der er mykje artig å sjå av reiskap og anna, ein motor vil stå og tøffa, og det vil bli sal av verdens beste svele og kaffi.

## Lotteri

Som vanleg blir det eit lotteri under Gamalostfestivalen. Fotballgruppa vil gå rundt og selja lodd. Mange premiar. Ta raust imot loddseljarane, inntekta går til fotballgruppa.

# Underhaldning ved meieriet frå kl. 12.00

På laurdag under Gamalostfestivalen vil det bli scene ved meieriet, der det vil bli musikk og song. Tone Merete Lillesvangstu, vangsnesing og kjend frå NRK Sogn og Fjordane, vil leia programmet. Elevar frå Kulturskulen vil spela og syngja. Men ikkje minst vil eit mannskor, Hjelmåskarane, opptre. Så ein er sikra god stemning og god musikk og song. Det vil og bli delt ut premiar til dei som har vunne i konkurransen om gamalostrettar.



Tone Merete Lillesvangstu skal vera konferansier ved meieriet.



Hjelmåskarane er ein glad gjeng med songarar som har halde det gåande sidan 2003. Det betyr at me har 20 års jubileum i år!

Me er kjende for humør, glede og litt ablegøyser. På scena presenterer me sjømanns-viser, ballader og melodiar frå pop og jazzverda i ei flott blanding. Varemerket vårt er å syngja på norsk, mange tekstar skriv me sjølv.

Dirigenten vår, Helge Riise, er ein mann med lang erfaring som musikar og dirigent. Han arrangerer alle melodiar som me har på repertoaret, og med mykje sjølvskrivne tekstar kan me presentera eit program som er unikt.

Dei siste større prosjekta har vore konserten «Kast Loss», eit muntert skråblikk på livet til sjøs, sett frå eit naust på strilalandet, og rett før landet vart koronastengd programmet "Optimist" i samar-

beid med blandakoret Korinor. Me har hatt to støttekonsertar for Ukraina, også desse saman med blandakoret Korinor. Her framførde me blant anna Ukraina sin nasjonalsong i vår norske omsetjing.

Tilbakemeldingane frå publikum er svært gode, og Hjelmåskarane er etterspørde på mange tilstellingar, alt frå Torgdagen i Bergen, innslag på julebord, møte i pensjonistlaget eller program på sjukeheimen.

No er me i full gang med innøving av nytt program som skal framførast til hausten. Men deler av dette gler me oss til å syngja på Gamalostfestivalen i Vik no i juni!

På Facebooksida Hjelmåskarane kan du sjå opptak frå konsertane.

Då sjåast me på Gamalostfestivalen!

# *Gamalostfestivalen i Vik 2023:*

## *Konsert i Hove kyrkje*

### *Fredag 26.5 kl. 19.00*

## **«Agedalen brunns-sextett»**

Fredags kveld under Gamalostfestivalen skal 6 messingblåsarar og ein trommeslagar laga godlyd i Hovekyrkja.

Sekstetten med 7 (!) røynde musikarar har til vanleg base i Førde. Gruppa har fordjupa seg i ein musikktradisjon som oppstod rundt dei mange *kurbada*, eller «brunnane» i Sverige på 1800-talet. Musikken var del av ei helse- og velværepakke med massasje, gytjebad, mosjon og sunt kosthald – og messingblåsarar! Ved kurbadet «Medevi Brunn» utanfor Motala kan gjestane enno nyta messingmusikk! Med tidsrette antrekk og instrument tek ensemblet publikum i Hovekyrkja med 150 år attende, til stemninga i kurbada si stordomstid. Vegvisar på denne musikalske tidsreisa er Arne Hammer, ensemblet sin åndelige leiar.

Nei, det vert ikkje gytjebad og massasje, men ei musikalsk høgtidsstund, med musikk som Peter Andreas Blix ville kjent att, om han kunne høyra i si grav under kyrkjegolvet.



Foto: A.T. Hommedal

*Foto under, fra venstre:*

*Are Mangersnes – Tenorbasun  
Johan Bengtsson - Tenorhorn  
Ingjerd M. Hjelmeland – Althorn  
Sven Bertil Taube (Gjest!)  
Trude Skarvatun - Eb kornett og  
musikalsk leiar  
Arvid Anthun  
Arne Hammer – Trommer m.m.*

**PS!**

**Den gjenskapte Hovemadonnaen  
vert og til stades!**



Billett 300 kr. Førehandssal på nett. Evt. ledige billettar i salg ved inngang.

**Arrangør:**

**Sogn lokallag av Fortidsminneforeininga**



## Gamalostfestivalen i Vik 2023:



**Konsert i Hove kyrkje  
laurdag 27.5 kl. 20.00**

### **Klassiske perler**

Fire velrenomerte musikarar presenterer ei perlerad av klassiske songar og musikkstykke i Hovekyrkja laurdagskvelden.

**Violinist Terje Tønnessen**  
**Songar Marianne Skjerping**  
**Organist Freek Ypma**  
**Fløyttist Dora David**

Sjå omtale av dei fire i **Sommaravisa!**

Det er berre å gle seg til ei høgtidsstund i Hovekyrkja, til tonar av Bach, Grieg, Brahms, Hendel, Mozart, Rachmaninoff og Puccini, m.fl., framført av 4 eminente musikarar!

Bill. 300 kr. Førehandssal på nettsida: [gamalostfestivalen.no](http://gamalostfestivalen.no)  
 Evt. ledige billettar i salg ved inngang.

Arrangør:



**Fortidsminneforeininga**  
 Sogn lokallag



Violinist Terje Tønnessen



Songar Marianne Skjerping



Organist/pianist Freek Ypma



Fløyttist Dora David

# Artistar på laurdagskonserten i Hove kyrkje

Det blir eit stjernespekkemannskap som skal underhalda oss på konserten laurdag kl. 20.00 i steinkyrkja på Hove. Terje Tønnesen spelar fiolin, Dora David spelar på fløyte, Freek Ypma på orgel og Marianne Skjerping Kroken syng.

## Terje Tønnesen

Fiolinisten Terje Tønnesen er fødd 1955 i Oslo. Han har no pensjonert seg og driv som freelancer. Terje har ein lang og imponerande karriere. Han har gått på Østlandets Musikkonservatorium og studerte i fem år ved Berns musikkonservatorium. Han debuterte som solist i 1972 og har fått mange internasjonale priser. Av norske priser kan nemnast Griegprisen, Norsk Komponistforenings utøvarpris, Spellemannsprisen og Oslo bys kulturpris. Han har og fått St. Olavs orden, riddar av 1. klasse. Han har vore leiar for Det Norske Kammerorkester 1977-2021, konsertmester i Oslo Filharmonien 1984-2020, kunstnarisk leiar av Camerata Nordica (Sverige) 1996-2016 og kunstnarisk leiar for Vinternattfestivalen i Oslo 1995-2011. Terje har reist verda rundt som solist, kammermusikar og orkesterleiar. Ei rekke plateinnspelingar bør og nemnast og at han har skrive musikk til eit titals teaterførestillingar.

Me har ikkje nemnt alt, så det er litt av ein kapasitet Gamalostfestivalen har fått tak i. Han skal vera med på Kulturvelden på fredag og konserten i Hove kyrkje på laurdag. At han vil koma til Vik, heng nok saman med at bror hans er gift med Ellen Liljedahl. Terje har hatt to vekesopphald i Vik tidlegare, kvar gong i strålende ver. Han tykkjer me har ei flott bygd og at me bur på ein fin plass, og han gler seg til å spela i vår flotte steinkyrkje.

## PROGRAMMET PÅ KONSERTEN

Prelude og Allegro - Fritz Kreisler (1875–1962)

Triosonate BWV 1038 for fiolin, fløyte - Johann Sebastian Bach (1685–1750)

Lascia ch'io pianga - Georg Friederich Händel (1685–1759)

Våren no 2. av op. 33 - Edvard Grieg (1843–1907)

Lied op. 43 - Johannes Brahms (1833–1897)

Eventyrsuite – Bjarne Brustad (1895–1978)

Fløytekonsert nr. 2, D-dur 1. sats  
Allegro - Wolfgang Amadeus Mozart (1756–1791)

Vocalise op 34 No. 14 - Sergei Rachmaninoff (1873–1943)

«O mio babbino caro» frå opera Gianni Schicchi - Giacomo Puccini (1858–1924)

## Dora David

Dora er fødd i Budapest 1969. Ho utmerka seg som fløyttist allereie som barn, og deltok som solist med ulike orkester i oppveksten både i heimlandet Ungarn, og i utlandet. David valde å satsa vidare på musikken og begynte på Bela Bartok musikkgymnas og seinare ved Franz Liszt akademiet. Etter dette gjekk vegen vidare mot Norden, og ho tok diplomutdanninga si ved Sibeliusakademiet i Helsinki, Finland. Ho hadde fleire solistoppdrag medan ho studerte i Finland, Tyskland, England, Ungarn og etter studiane var ho tilsett som solofløyttist i Joensuu Symfoniorkester.

Dora kom til Noreg hausten 1996 med jobb som distriktsmusikar i Nordland. Frå oktober 1998 til 2005 arbeidde ho som distriktsmusikar i Høyanger kommune. Ho har vore kantor i Lærdal, Sogndal og Vik. Ho har og dirigert fleire korps både i Vik, Lærdal, Sogndal og Leikanger. Dora reiser og kringom og held konsertar, i år blant anna i Danmark og i Molde. No arbeider ho som treblåsarpedagog i Sogndal og som kulturskulerektor i Vik.

## Marianne Skjerping Kroken

Marianne busett i Nes i Luster vil underhalda oss med song under konserten i Hove steinkyrkje på laurdag. Ho er eigentleg frå Førde i Sveio kommune, og det er mannen som er frå Luster. Han arbeidde i oljebransjen, og familien var busett nokre år i Houston, Texas.

Marianne har solid musikk- og songutdanning. Ho har gått på Musikkonservatoriet i Stavanger og ved Universitetet i Trondheim. Ho er både songar og songpedagog. Ho dreiv no eige firma og underviser i song. Garasjen heime er bygd om til studio. Underviste gjorde ho og då ho budde i USA. Ho har også undervist ved Universitetet i Stavanger, ved Rogaland Musikkonservatorium og Stavanger Kulturskole.

Ho har vore medlem i Trondheim Kammerkor og Trondheim Operakor. Marianne har og hatt konsertar både i USA og Noreg.

## Freek Ypma

Freek Ypma blei fødd i Haag, Nederland. I 1983 avslutta han hovudfagsstudiet orgel og piano ved Musikkonservatoriet i Groningen i Nederland. I 1992 flytta han til Noreg for å jobba som organist og pianolærar i Årdal kommune. Han har gjennom åra halde mange konsertar, både på orgel og piano, gjerde også som akkompanjatør for instrumentalistar og vokalistar.

På konserten i Hove kyrkje på laurdag under Gamalostfestivalen, skal han vera akkompanjatør for Marianne Skjerping Kroken og spela saman med dei andre aktørane.



# Utekonsert under Gamalostfestivalen

**Det vert utekonsert på laurdag på Nyetorget, to band skal spela. Folk Flest og Plumbo.**

## FOLK FLEST

Bandet frå Luster som har spelt i Vik mange gonger kjem til Gamalostfestivalen og skal spela på utekonserten på Nyetorget på laurdag, i lag med Plumbo. Då veit me at me er garantert god stemning med høg allsongfaktor. Publikum får høyra kjende perler frå ulike tidsepokar og sjangrar innan country og irsk musikk, men sjølvsagt og norske perler.

Songane er henta frå artistar som: The Dubliners, The Waterboys, Steve Earle, Johnny Cash, Dolly Parton, Staut, Hellbillies, irske tradisjonslåtar og Avicii.

Med i bandet er Einar Bolstad: song, akustisk gitar, piano. Renate Skophamar: song. Mathilde Skjæret: fele, song. Tor Magne Kvamsdal: mandolin, steelgitar, el-gitar. Lars Berge Pedersen: banjo, el-gitar, akustisk gitar. Jan Frode Hellebø: bass og Arve Lomheim: trommer.



## PLUMBO

Plumbo er eit rockeband med medlemer frå Sande, Sandefjord og Ålesund. Dei syng på norsk og kom med sitt fyrste album i 2002. Mest kjende er dei truleg for songen «Møkkamann» som dei fekk Spellemannsprisen for i 2011 i klassen Årets hit. Stor hit vart også «Bade naken» frå 2017 som har millionar streamingar på Spotify. Dei har gjeve ut fleire album og har vore med i Melodi Grand Prix.

Dei har samarbeida med duoen Staysman & Lazz, og gav ut låta "En siste gang". Dette resulterte også i ei rekke felleskonsertar både i 2017, 2018 og 2019, og gulltropfè for låta.



## Tingsete i Norsk Gamalostlag

Norsk Gamalostlag held Tingsete (årsmøte) under Gamalostfestivalen, laurdag kl 1600. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vil me orientera om laget si heimeside, Facebook-sida og bruken av Instagram. Det vert kultur og vidare underhaldning ved multi-talentet Jens Brekke og ein matbit attåt. Fylg med på [www.gamalost.no](http://www.gamalost.no) for meir detaljar om programmet.

Både medlemer og dei som elles vil kan delta på årsmøtet. Påmelding på Gamalostlaget sin stand framfor meieriet under Gamalostfestivalen. Viss du ikkje har meldt deg på, møt likevel.

Deltakaravgift for ikkje-medlemer er kr 300. Desse blir automatisk medlem i Norsk Gamalostlag og kr 200 av deltagaravgifta blir brukt til årskontingent for 2022. Deltakaravgift for medlemer er kr 100.

## Bilmønstring

Det vert ikkje organisert bilmønstring av veteranbilar og andre bilar ved Kristianhus denne Gamalostfestivalen. Men det er høve til å møta opp ved Kristianhus med bilar. Sjå info om biltreff helgi etter Gamalostfestivalen.

## Festivalcamp

Pga stor pågang frå bubilar og campingvogner legg me til rette for bubil- og caravancamp på Sæbømarki. Sæbømarki ligg sentralt i Vik. Straum ikkje tilgjengeleg.

Ting plass hjå Ann Kristin Årevik Holen tlf 906 17 886.

# Konsert med Vik Songlag



Vik Songlag med sin nye dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen. Foto: Studio 1 fotografene

Vik Songlag med dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen heldt, i sam-  
band med Gamalostfestivalen, konsert i Vikjahalli søndag 28. mai.  
Koret byr på ein variert konsert med alt frå gospelsong til meir  
kjende melodiar som No livnar det i lundar og Vesle lerka. Koret  
har dei to siste åra arrangert julekonsertar og ynskjer og å ha ein  
konsert på våren. Koret vart i fjor spurde om å ha konsert under

Gamalostfestivalen, noko som vart positivt både for koret og festi-  
valen. Songarane i koret og dirigent Tom Jarle ser difor fram til ny  
konsert på årets festival.

Koret over annankvar torsdag i Vikjahalli og alle songglade er  
hjarteleg velkomne.

## Songarstemne i Vik 10.-11. juni

Helga 10. til 11. juni arrangerer Vik Songlag songarstemne i Vik. Sist det vart arrangert songarstemne i kommunen var i 2006. Det vert difor stas å vere vertskap for og kunne ynskje velkommen dei sju kora som skal delta på stemnet. Atløykoret, Sande Blandakor, Balestrand Songlag, Hafslø Songlag, Brekke Mannskor, Vestavind og Dale Mannskor vitjar Vik denne helga. Til sammen vert det om lag 180 songarar som deltek på stemnet.

På programmet for stemnehelga er spontane konsertar rundt om i sentrum laurdag føremiddag, før kora med Vik Musikklag i spissen går i Songartog. Toget endar opp ved Blixhalli der det vert opning

av stemnet og velkomsthelsing til songarane ved ordførar Roy Egil Stadheim. Vidare vert det korkonsert, der alle kora vert å høyre, i tillegg til lokale aktørar. Dagen vert avslutta med middag og songarfest på hotellet.

Søndagen held kora som deltek på stemnet konsert i kyrkja. Songarane i Vik Songlag gler seg til stemnet og håpar på mykje publikum på konsertane. Det er og flott om folk tek turen til sentrum og hører kora synge laurdag føremiddag og får med seg songartoget på veg gjennom bygda. Stas og om mange i bygda denne festdagen heiser flagget.



# Kristianhus held ope

Kristianhus båt- og motormuseum ligg ved elvi Vikja og nord for Best stasjon. I bygget er det utstilling av båtmotorar og nokre båtar. I andre etasje er det og utstilling om Dei reisande med ein båt nytta av dei, og produkt laga av dei reisande, som knivar, kjøkkenreiskap og anna.

Turistinformasjonen held til i Kristianhus. På Turistinformasjonen blir det selt is frå Alm gard, gamalost og jus frå Vik Meieri, lokallitteratur frå Vik og seinare på sommaren jordbær. Her kan og andre lokale produsentar få innpass.

Når cruiseturistane kjem til Vik vert dei losa gjennom bygningen, og bussane som skal frakta dei vidare står ved Kristianhus.

Her er og ei utstilling og info-stand om norsk oppdrett og moderne kystkultur. Stiftelsen for Kristianhus har fått Firda Seafood som eig anlegget på Tenne til å stå for dette. Utstillinga var ferdig sommaren 2022. Det er bilete og filmar, og der er ein stor laks i tre.

Ein verkstad er her framleis, det har vore nytta av skuleelevar som har valfaget Praktisk arbeid. Dei har reparert syklar og skrudd på motorar.

I andre etasje er det ei utstilling om dei reisande. Der er ein båt som dei nytta. Det var slik at på Vestlandet reiste dei kringom i båtar, men på Austlandet for dei rundt med hest og kjerre. Ein kan og sjå ein del produkt laga av dei reisande. Det blir omvising her på laurdagen under Gamalostfestivalen. Ein etterkommar av dei reisande vil vera til stades, og artisten Bussi vil spela og syngja.

I fyrste etasje held og utstillinga med båtmotorar til, eit utval av alle dei båtmotorane Kristian Otterskred samla. Det vil og bli omvising her ved Lars Hansen.



## Ragnar skal koka gamalost

Ragnar Hove koka gamalost ved meieriet. Ragnar kan kunsten etter å ha gjort dette mange gonger. Ved å fylgja med på arbeidet, vil ein få innblikk i korleis gamalosten vart laga heime eller på stølane før. På biletet er Alf Reidar Dale i passiar med Ragnar.

Foto: John Skogheim



Bussi spelar og syng saman med kona under Gamalostfestivalen 2022. Til venstre Johnny Nilsen. Bussi skal og underhalda i år.

# Konkurranse: Rettar av Gamalost

Har du di eiga oppskrift på kva Gamalost kan brukast til? Vis omverda korleis gamalost kan presenterast på ein ny og spande måte! Du kan vera den heldige vinnaren av Gamalostlagets konkurranse 2023! Bruk eigen fantasi, kombinerosten med spande smakar så retten kan pirra smaksvortane og ganen til å nytta osten som snacks, til kvardags, turmat, kaffimat eller fingermat og fest. Bidrag frå barn, ungdom, vaksne og retteleg vaksne helsast velkommen.

Om du vil delta kan du førehandsregistrere deg til konkurransen på Ostebaren frå 19. mai og få utdelt ein gratis kvarting med Gamalost. Dette bør du helst gjera i god tid før festivalen.

**Laurdag 27. mai mellom kl. 10 og 11 kan du levere inn ditt bidrag på Ostebaren.** Om du ikkje har registrert deg på førehand blir du registrert då. Ditt bidrag vil bli tildelt eit nummer slik at dommarane ikkje får vite kva person som har laga kva. Me vil og ha inn oppskrifter du har nytta, lever den saman med retten. Då kan vi legge ut biletet av retten din med oppskrifterna ut på Gamalostlaget si heimeside!

Bidraga blir oppbevarte på kjøla fram til dommarane skal velja ut vinnarane.

Vinnarane vil bli annonsert frå scena ved meieriet. Vinnarane vil bli premierte. Alle rettane som har kome inn til konkurransen vil bli presenterte i teltet til meieriet rett etter kåringa. Ein vil få smaksprøvar av rettane tingsetet seinare på laurdagen.



Fylg elles med på heimesida til Gamalostlaget ([www.gamalost.no](http://www.gamalost.no)). Du kan også senda oss ein e-post på [post@gamalost.no](mailto:post@gamalost.no).



## Folk Flest og Plumbo til Vik!



**Utekonsert med Folk Flest og Plumbo**  
Laurdag 27. mai 2023. Portane opnar kl. 20.00.  
18 år.

Billettar på [TicketCo.no](https://TicketCo.no)

Arrangementet er eit samarbeid mellom  
Dampen og Blix hotell.

Velkomne!

## Vi feirer Gamalostfestivalen med masse gode tilbod!



Gamalost  
Kr. 349,- pr. kg.

Levert frå meieriet i  
Vik. Stort utval med  
oppdelt, frossen og  
fersk gamalost.

Eit utval Evergood kaffe  
- 40%  
(gjeld også 6-pk)



Smågodt  
kr. 6,90 pr. hg.

Velkommen til hyggelig  
festivalhandel på Spar Vik





- Taktekking
- Rehabilitering
- Nybygg/tilbygg
- Vedlikehold

Vi er her for å gjøre din hverdag lettere!

Ta kontakt for GRATIS befaring og spesifisert uforpliktende tilbud.  
ByggTillit AS gjør jobben effektivt og til konkurransedyktig pris.

Vi ser frem til å høre fra deg!

**Tlf. 902 08 686**

GEIR EINAR FIMREITE 6893 VIK I SOGN



Kontakt oss på tlf. 57 69 59 44

Følg oss på Facebook og instagram, for tilbud og info  
Monica, Vibeke og Kristin Anita

Under  
Gamalostfestivalen  
**20%** rabatt  
på bunadssølv  
og **30%** på ein del  
andre varer

**fjordsylv**

6893 Vik i Sogn

post@fjordsylv.no Tlf. 57695308



Optikar

**Kjell Magne Talleraas**

Avdeling Vik - Åpent onsdager kl. 10.00-16.30

Synsundersøkelse - Briller - Kontaktlinser

Timebestilling 920 94 145

## TVEIT CAMPING

Vangsnesvegen 670 • 6894 Vangsnes

tlf. 911141879 • post@tveitcamping.no

[www.tveitcamping.no](http://www.tveitcamping.no)

# Kurs i gamalostlagring

Det er viktig at kunnskapen om å laga gamalost vert teken vare på og videreført. Det var vanleg å laga gamalost på stølane i gamle dagar, men det er heller få som kan kunsten i dag. På seinvinteren var det kurs i å laga gamalost i Borgstova. Kokninga var det Inga Sæbø og Ragnar Hove som stod for. Det var 14-15 interesserte til stades og dei fekk eit innblikk i korleis ein kan laga gamalost. Inga og Ragnar forklarte alle fasar i ystinga. Dei hadde med seg gamal mugg og gamle bidne til å ha ostane i. Det var viktig å passa på rett temperatur, ein måtte vera nøyen med fyringa. Dei hadde også myrgras med som vart lagt under og over ostane. Etter nokre dagar skulle ostane strykast.

Det vart fotografert flittig, og Terje Eggum frå Sogn Avis var til stades og skreiv reportasje i avisat.



Inga Sæbø og Ragnar Hove viser korleis ein kan koka gamalost, og kursdeltakarane fylgjer interessert med.  
Foto: Terje Eggum



Inga fyller gamalosten i former.  
Foto: Arvid Orvedal

# Refsdal kraftstasjon frå 1913



Kraftstasjonen i Refsdal frå 1913 er restaurert som kulturminne og er open for publikum søndag frå kl. 13 til kl. 17 under Gamalostfestivalen og Bringe-



bærfestivalen. Begge dagar er det gratis inngang, men legg gjerne att nokre kroner i bøsse ved inngangen. Inne i stasjonsbygningen kan du sjå det


originale maskineriet frå 1913 og mange gjenstandar med tilknyting til kraftproduksjon, bilete frå restaureringa og andre illustrasjonar. Uteanlegget som består av inntaksdam, deler av den opphavelege røygata og avlaupskanalen er lett tilgjengeleg i kort avstand frå bygningen. Difor kan ein her raskt få god oversikt over korleis det heile fungerer. Det er ikkje like lett i moderne kraftverk der mykje av anlegga er skjult og ikkje tilgjengelig.

geleg. Nytt difor høvet og ta ein tur til Refsdal desse dagane.

Utanom desse dagane kan du besøkja anlegget gratis på eiga hand. Du kan låna nøkkel på Turistinformasjonen eller på Blix hotell. Vil du ha med gaid vil dette kosta noko avhengig av tal personar og transport. Ta kontakt med Turistinformasjonen på Kristianhus for tilbod eller telefon 911 30 843, e-post <post@sylvringen.no>

## Sylvringen as

Sylvringen as arrangerer gaida turar for grupper til kulturelle attraksjonar i Vik og har dyktige gaidar som kan ta dykk med på ein innhaldsrik kortare eller lengre tur til attraksjonar som Fridtjovstatuen, middelalder-kyrkjene i Vik, gravhaugfeltet, det verna området på Øyri, Refsdal kraftstasjon frå 1913, Tistel Gardsmuseum, Kristianhus Motormuseum samt prøvesmaking av gamalost og bringebærjuice ved Tine sin ostebar. Vi har dyktige gaidar som kan gi deg ei fin og interessant oppleveling. Vi kan setja saman program og tidsplan etter gruppa sine ynskje og interesser, med eller utan inngangsbillettar der dette blir kravd. Prisen vil vera avhengig av tal personar i gruppa, tidsbruk og eventuell transport. Ta kontakt med Turistinformasjonen på Kristianhus for tilbod eller telefon 911 30 843, e-post: post@sylvringen.no>



### Fotosal

I Inger Randi-butikken vert det sal av foto og fotoutstilling på laurdagen under Maria-markeringa og Gamalostfestivalen. Våre lokale fotografar Helge Grønningsæter, Thomas Morel, Arild Thingvoll og Kjell Vikestad vil syna fram og ha sal av sine bilete. Helge har både kunst- og landskapsbilete. Fotoa kan og bestillast.

Der er og høve til å kjøpa lokalhistorisk litteratur frå Vik, både bøker og Pridlao.

R. Johnsen Galleriet har ingen faste opningstider. Men det er berre å ta kontakt om du vil sjå nærmere på bilda. Det er hyggjelag for oss å vise fram bilda våre. Ingen kjøpeplikt! Ta kontakt med Helge Grønningsæter, mobil 918 85 878.

Nettsider: @johnsengalleriet; kav.smugmug.com, helgegrønning.smugmug.com, thomas morel photography og vikjakunst.no.



Nordlys i Vik i februar 2023. Fotograf: Helge Grønningsæter

# Hovemadonnaen

I 2022 kom kopien av Hovemadonnaen på plass i Hove steinkyrkje. Dermed har kyrkja fått ein ekstra attraksjon og er vel verd eit besök. Det er sjølv sagt høve til å sjå madonnaen under konsertane i kyrkja både fredag og laurdag under Gamalostfestivalen. Hovemadonnaen er plassert i koret.

Den originale madonnaen er i museum i Bergen og er rekna som eit høgdepunkt i norsk kyrkjekunst frå mellomalderen. Gjenskapininga av Hovemadonnaen er gjort av Treskjærarverkstedet as og er vorte finansiert ved innsamla midlar av Hovemadonnakomiteen. Prosjektet og prosessen har vekt interesse i fagmiljø i inn- og utland.



# Konsert på Vik camping fredag 18.00–19.00



M&V Ras  
(C) Dans

Geir Ødegården og kona Pouline som har aner frå ein reisande-familie kjem til Vik under Gamalostfestivalen. Geir er ein kjend musikar og songar og har gjeve ut fleire plater. Han har hatt eige orkester. Han har og drive bookingfirmaet Telemark Musikkbyrå, dette firmaet har no andre overteke.

Dei skal bu på Vik camping og kjem til å spela der på fredag.



## «Tor Talle Duo»

Dans på Blix hotell, fredag 26. mai kl. 22  
18 år.



[www.blixhotell.no](http://www.blixhotell.no)  
Følg oss på Facebook  
Tlf. 57 69 65 50  
epost:booking@blixhotell.no



# Bli med på RUGBY i sommarferien!

Har du hørt om engelsmannen som tyt på om livets idrett – RUGBY? Ein inkluderande lagsport med og utan kroppskontakt, med plass for alle. Store, små, tynne, lange og alt imellom.



Mike Pride i aksjon under turneringa i 2022. Foto: Terje Målsnes

## KVA RUGBY HAR ME I VIK?

I år har Vik Rugby samarbeidslag for damer og herrar med Eldar IL og Sogndal IL. Me skal spele kampar og turneringar saman gjennom sesongen (13 spelarar) og Norgescupen (7).

## ER DU LYSTEN PÅ GOD UNDERHALDNING OG VIL GJERNE SJÅ PÅ RUGBYKAMPAR I VIK?

Ikkje tenk på det – rugbygruppa fiksar unik underhaldning for deg:

- 13. mai Vik Stadion:** Fyrste heimekamp for herrar: Vik/Eldar/Sogndal mot Sandnes Raiders.
- 3. juni Vik Stadion:** Norgescup i 7s (runde 3) for damer og herrar. Nasjonal turnering med lag frå heile landet.
- 22. juli Vik Sandrugby.** Turnering i sanden med 5 spelarar for damelag, herrelag og familielag.

## VIK SANDRUGBY

Sommaren 2022 vart Vik Sandrugby arrangert for fyrste gong. I år gjentek me suksessen. Me har allereie fått påmelding av eit lag frå England. Dei legg ferien til Vik, etter å ha hørt om arrangementet på podcast i det store utland. Værgudane har også lova å spele på lag.

22 juli kl. 12.00 samlast me på sanden mellom kunstgrasbana og Vik stadion. Her skal det spelast rugby som inkluderer alle,



Frå turneringa i 2022. Foto: Terje Målsnes

med og utan kontakt: U16, herrar, damer og miksa lag med «tag rugby». Sistnemnde er ope for alle, uansett alder, kjønn eller erfaring. I fjor stod finalen mellom eit familielag frå Vik og ein blanding av to familiar frå Oslo og Kristiansand.

Me ynskjer alle velkomne – turistar, kompislag eller bedriftslag. Om du ikkje har lag – bli med i «players pool». Ta kontakt med

Mike Pride (458 70 880) eller send ei melding til Vik IL Rugby på facebook eller instagram.

### LYST Å PRØVE RUGBY? KOM PÅ TRENINGAR!

Alle er velkomne på trening kl. 18.00 på torsdagar ved kunstgrasbana, frå 7. klasse og oppover. Når me er mange nok av den yngre garde som er lystne på å lære seg rugby, vert det laga eigne treningar for dei. So ta gjerne kontakt uansett!

**Følg Vik IL Rugby på facebook og instagram for meir info.**

### REGLAR I RUGBY:

- Ein skårar mål ved å legge ballen over streken på banehalvdelen til motstandarlaget.
- Ein kan springe framover med ballen, men kan berre sentre ballen bakover.
- Ein spelar på ei vanleg «fotballbane» med alt frå 7, 9, 13 til 15 spelrarar på kvart lag.
  - Når ein spelar med færre spelrarar er det meir plass på bana. Det er ein meir fartsfylt og raskare kamp som er ferdig på 14min..
  - Med fleire spelrarar på bana er det mindre plass, meir taktikk for å skape rom, fleire taklingar og kampen er ferdig etter 80min.
- Rugby kan spelast på ulike måtar, også heilt utan kroppskontakt, på snø eller i sanden. Ein kan spele i turneringar med heile familien med færre reglar.

### Heimekampar 4. divisjon menn

- 27. mai** Vik-Førde 2  
**17. juni** Vik-Jølster  
**9. september** Vik-Høyang  
**16. september** Vik-Sandane  
**30. september** Vik-Stryn  
**7. oktober** Vik-Fjøra  
**21. oktober** Vik-Student-sprettan

## Biltreff i Vik 3.-4. juni



Helgi etter gamalostfestivalen vert det storhende for folkevogn-interesserte. Det årlege SCC Super Scenic har vorte eit årleg arrangement med ein rundtur på smale vegar på Vestlandet. Årets tur går frå Lærdal via Tyin, Årdal, Tindevegen, Turtagrø, Skjolden, Harastølen, Marifjøra, Sogndal, Fjærland, Skei, Jølstratunet, Gau-larfjellet, Vetlefjorden og til Vik. Overnatting vert i Sogndal og Vik.

Fylgjet kjem til Vik 3.juni. I 2022 var det 40-50 bilar som deltok på

turen. Stort sett er det luftavkjølt Volkswagen og Porsche som er hovudtyngda i reisefylgjet, men og innslag av bilar med hekkmontert vassavkjølt motor.

SCC Super Scenic er eigentleg "oppvarming" til det årlege treffet på Gardermoen i august. SCC er forkorting for Scandinavian Cal-Look and Classics og er ein av dei største treffa i Skandinavia. Ein gjeng frå Sogn har dette årvisst i kalendaren.



Vik 12.–13. august  
2023



Barneleikar  
Badestrand  
**Zipline**

Bakekonkurranse

Verdens leeeengste dessert

**Rått, Vått og Røft**

Konsertar  
Sang og musikk

«Bakerste Rad»  
Båtmotormuseum

**M/S Arnafjord**  
Båtkonvoi

**Bringebær**

Brin

Brin

Brin

Torgsal  
Tivoli

**Velkommen til Bringebærkommunen Vik**

# Bringebærfestivalen

Opplegget blir mykje likt slik det har vore og slik det var i 2022. Norsk Bringebærfestival vart arrangert første gong i 2014 og er eit samarbeidsprosjekt mellom frukt – og bærmottaka i Vik kommune. Festivalen er ei markering av at Vik er den største bringebærkommunen i landet. Dei to siste åra har det vore vanskar med å få nok bærplukkarar frå Aust-Europa pga pandemien, men det er godt håp om at det vert lettare dette året. I 2022 måtte ein henta inn mange plukkarar frå Thailand.

## Bringebærpris

På kvar festival vert det delt ut ein bringebærpris. I 2018 fekk Olav J. Bøtun frå Fresvik prisen. I 2019 vart det Sognabær som fekk prisen, og i fjor var

det Tine Vik Meieri som fekk prisen. Det vert spanande å sjå kven som får prisen i 2023. Det bli gjeve til personar som har gjort ein stor innsats for bringebærdyrkinga i kommunen.

## Rått, vått og røft

I 2018 fekk ein eit nytt tilbod på festivalen. Det er ein konkurranser der bedrifter, venegjengar og familiar konkurrerer mot kvarandre i ei hinderløype med zipline og padling med SUP. Konkurransen føregår ved badestranda og stupetårnet i sentrum. Ziplina er frå stupetårnet og ned i vatnet, og det vert eit forfriskande bad på dei som har den etappen. Både i 2018, 2019 og 2022 vart Sognabær den råaste bedrifta. Arrangørene håper mange lag vil melda seg i 2023.

## Verdas lengste bringebærdessert

Bringebær lagt i takrenner er måten ein klarer å setja verdsrekordar i bringebærdessertar. I 2018 kom ein opp i 70.8 m og i 2019 vart det ny rekord med 75.5 m. Ny rekord vart det og i 2022. Etterpå vert desserten eten opp med vaniljesaus til.

## Bakekonkurranse

Bringebærfestivalen har alltid bakekonkurranse med kaker som sjølv sagt må innehalda bringebær. Over 20 kaker vert vanlegvis leverte inn. Det vert konkurrert i tre klassar: barnekasse, vaksenklasse og nytenkjarklassen. Arrangørane vil få inn nye idear og det skal vera ei kake som folk flest kan baka. Hovuddommar har vore kakespesialist Oddny Hønsi Ringheim som

driv nettsida [www.kakemonsten.no](http://www.kakemonsten.no). Etterpå er det mogeleg å smaka kakene på Blix hotell.

## Barneleikar

I 2023 vil det lagt opp til tilbod for barna. Kva aktivitetar det vil bli, er under planlegging. Tidlegare har det vore mogeleg å få ri på hest, ansiktmaling og anna. Det som er sikkert er at også barna skal få det kjekt på festivalen. Det blir og jobba med å få tivoli til Vik, men det er uvisst i skrivande stund.

## Torgsal

Som vanleg vil det bli standar der det vil bli høve til å kjøpa for det meste lokale produkt. Sjølv sagt kan ein kjøpa korger med bringebær, men også honning, bringebærgiele, bringebærsaft og andre produkt



laga av bringebær. Vikja vil tilby sine produkt, ein vil kunne kjøpa sjømat og husflidsvarer. Her vil det bli høve for dei som lagar noko å by fram varene sine til festivalpublikummet.

#### Dans

På laurdagskvelden vert det

dans på Blix hotell. Det er Tor Talle Duo som står for musikken.

#### Båttur, rib-turar

Mb Arnafjord vil vera i Vik under festivalen, og det er mogleg å få seg ein tur på fjorden. I fjar leide Sogn Sparebank båten under festivalen, og det

er mogleg for bedrifter å leiga båten for ein fjordtur.

Det er og høve å få ta seg ein rib-tur på fjorden. Sjå annonse annan stad i avisat.

#### Øyrivandring

Sundag er det høve til å vera med lokalhistorikar Arne Inge

Sæbø på ei vandring gjennom Vikøyri. Møt ved Kaikanten sundag kl 1130.

Oppdater deg ved å fylgja med på heimesida: [www.bringebaerfestival.no](http://www.bringebaerfestival.no).





# Bringebærprisen 2022

tildelast

*TINE, avd Vik*

**Juryen si begrunning:**

Årets prisvinnar tenkte nytt då det verkeleg trengdes og har gjennom nesten 20 år vore ein svært viktig samarbeidspart for bringebærprodusentane i Vik.

TINE og Sunniva Drikker har opna nye marknader for stadig nye  
bringebærprodukt.

Det lokale samarbeidet har sikra bringebærprodusentane trygg og kortreist avsetning av bringebæra. Samarbeidet har gjennom desse åra bidrige til framgang og optimisme i næringa, og dermed auka verdiskaping.

Det er fantastisk å samarbeida med ein profesjonell aktør som både stiller krav og som har musklar til utvikling.

Dette har bidrige til at Vik no er kjend som Bringebærkommunen!

Vik, 13. august 2022

*Åslaug Stadheim Ese*

For juryen

*Ola Hopperstad*

For juryen

# REIN TRIVSEL AS

er eit selskap som har spesialisert seg på reingjering av kontor, produksjons- lokale og private heimar.

Vår mål er nøyaktigheit, pålitelegheit og profesjonalitet.

Vi er her for å hjelpe deg – ikkje vent  
ring 482 39 256



E-post: post@reintrivsel.no  
Nett: www.reintrivsel.no

## DRIVKRAFT i Sogn.



Saman støttar me mangfaldet og breidda innan idrett,  
kultur, veldedige formål og  
andre gode tiltak med lokalt engasjement.

## Kjærleik til frukt og bør



## Din fagbutikk

når du treng varer, råd og rettleiing til opp-pussing eller nybygg.  
Bruk tidi di rett. Lat oss gjera jobben slik du vil ha det.

**Me kan hjelpa med:** • legging av golvbelegg  
• sliping og lakkering av golv • tapetsering, måling ute og inne

## VIK FARGEHANDEL A/S

Nils Steinar Hove  
Mobil 907 54 813 / Butikk 57 69 83 50  
E-post: nils.steinat@vikfargehandel.no



Hordaland SA avd. Vik  
Tlf: Coop Extra 576 98 913

## Vangen Elektriske



Tlf. 56 52 36 66 [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)

**Alt du trenger til ditt prosjekt**

**XL BYGG RØYRVIK BYGG & BETONG**

Tlf. 57 69 65 60

**med rasande flinke straum og slikt**

**HOLEN**  
INSTALLASJON

Årøyvegen 14, 6856 Sogndal | tel: 57 67 75 00  
post@holen-installasjon.no | www.holen-installasjon.no

**••• VIKØrsta**

**Vi skaper trygge samfunn med lokalproduserte sikkerheitsløysingar**

Vik Ørsta AS er det største enkeltelskapet i Saferoad-konsernet i Norge med ca. 300 tilsette. Vi produserer og leverer produkt innanfor marknadsområda Rekkverk, Bergsikring, Lysmast, Design og Marina.

Bedrifta er lokalisert i Vik i Sogn og i Ørsta på Sunnmøre og har historie heilt tilbake frå 1947. Les meir om oss på [www.vikorsta.no](http://www.vikorsta.no)

a **SAFEROAD®** company

## Kvinnekoret Kvitre kjem til Feios

Laurdag 9. september held Kvinnekoret Kvitre med dirigent Beth Anita Ramfjord seinsommarkonsert i Feios kyrkje.

Kvitre består av eit snes vakre kvinner i Sunnfjord som elskar å synge i harmoni. Koret har sidan våren 2022 vore leia av feiosingen Beth Anita Ramfjord, og no tek ho med seg damene heim til bygda si.

Det blir vakre tonar, god stemning og lage skuldrar. Repertoaret spenner frå bulgarske folketonar til ein hyllest av sommarens uteliv.

Hald av datoен og hjarteleg velkommen på konsert!

Billettar vert lagt ut for sal på tikkio.no når det nærmar seg. Følg gjerne Kvitre på Facebook for meir informasjon.



Foto: Reiakvam foto



**Bli med  
Vik Adventure ut  
på eventyr!**

RIB-turar  
Guida fisketurar  
Båtutleige  
SUP utleige  
Utleige/sal fiskeutstyr  
Fiskekort og meir!

Sjekk vår nettside for  
aktiviteter langs fjord og fjell!

booking@vikadventure.com  
+47 91 70 59 88  
+47 90 10 86 31



## Verdiskaping skjer i møtet!

Verdsarvparken har mange gode partnarar. Me er opptekne av å ta vare på verdiane og foredle dei resursane me har for framtida. Samarbeid er nøkkelen til levande bygder. Bli med!

[www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)





# Anløpsliste 2023

Dagliggende: 27 skip, max pax 49.145  
 Transit: 9 skip, max pax 8.116  
 Totalt: 36 skip, max pax 57.261

Date	Ship:	ETA:	ETD:	Hours:	From:	To:	PAX:	Date	Ship:	ETA:	ETD:	Hours:	From:	To:	PAX:	
10-May	AIDAdiva	09:00	19:00	10:00	Eid fjord	Bergen	2 566	1-Aug	Azamara Pursuit	08:00	18:00	10:00	Olden	Haugesund	777	
14-May	AIDAmar	10:00	18:00	08:00	Olden	Kristiansand	2 580	9-Aug	AIDAdiva	09:00	19:00	10:00	Stavanger	København	2 566	
<b>15-May</b>	<b>Artania</b>	<b>08:00</b>	<b>09:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Bremerhaven</b>	<b>Flåm</b>	<b>1 260</b>	<b>16-Aug</b>	<b>Clio</b>	<b>11:00</b>	<b>20:00</b>	<b>09:00</b>	<b>Ålesund</b>	<b>Bergen</b>	<b>90</b>	
23-May	Ocean Majesty	08:00	18:00	10:00	Bremerhaven	Olden	535	20-Aug	AIDAmar	10:00	18:00	08:00	Olden	Oslo	2 580	
<b>23-May</b>	<b>SH Diana</b>	<b>08:00</b>	<b>09:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Lerwick</b>	<b>Flåm</b>	<b>350</b>	<b>24-Aug</b>	<b>Clio</b>	<b>11:00</b>	<b>20:00</b>	<b>09:00</b>	<b>Nordfjordeid</b>	<b>Rosendal</b>	<b>90</b>	
<b>25-May</b>	<b>SH Diana</b>	<b>18:00</b>	<b>19:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Vik</b>	<b>Bergen</b>	<b>350</b>	<b>27-Aug</b>	<b>AIDAsol</b>	<b>08:00</b>	<b>19:00</b>	<b>11:00</b>	<b>Kirkwall</b>	<b>Bergen</b>	<b>2 686</b>	
31-May	AIDAsol	08:00	18:00	10:00	Måløy	Stavanger	2 686	28-Aug	Vasco da Gama	08:00	18:00	10:00	Hamburg	Geiranger	1 520	
12-Jun	AIDAmar	10:00	18:00	08:00	Olden	Oslo	2 580	<b>5-Sep</b>	<b>Europa 2</b>	<b>08:00</b>	<b>09:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Molde</b>	<b>Flåm</b>	<b>516</b>	
12-Jun	Hamburg	09:00	18:00	09:00	Ålesund	Flåm	423	<b>6-Sep</b>	<b>Artania</b>	<b>08:00</b>	<b>09:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Ålesund</b>	<b>Flåm</b>	<b>1 260</b>	
17-Jun	Clio	11:00	20:00	09:00	Ålesund	Bergen	90	6-Sep	AIDAdiva	10:00	20:00	10:00	Haugesund	Warnemunde	2 566	
19-Jun	Amera	08:00	19:00	11:00	Lerwick	Sandane	835	9-Sep	AIDAmar	10:00	18:00	08:00	Olden	Oslo	2 580	
20-Jun	Ocean Majesty	11:00	21:00	10:00	Kiel	Ålesund	535	<b>11-Sep</b>	<b>Artania</b>	<b>09:00</b>	<b>10:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Rosendal</b>	<b>Flåm</b>	<b>1 260</b>	
25-Jun	Clio	11:00	20:00	09:00	Nordfjordeid	Rosendal	90	<b>18-Sep</b>	<b>Artania</b>	<b>09:00</b>	<b>10:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Rosendal</b>	<b>Flåm</b>	<b>1 260</b>	
10-Jul	Amera	08:00	19:00	11:00	Lerwick	Mo i Rana	835	18-Sep	AIDAmar	09:00	18:00	09:00	Olden	Kristiansand	2 580	
12-Jul	AIDAdiva	08:00	17:00	09:00	Bergen	Eid fjord	2 566	8-Oct	AIDAmar	10:00	18:00	08:00	Olden	Kristiansand	2 580	
<b>14-Jul</b>	<b>Amadea</b>	<b>17:00</b>	<b>19:00</b>	<b>02:00</b>	<b>Flåm</b>	<b>Ålesund</b>	<b>600</b>	21-Oct	AIDAmar	10:00	18:00	08:00	Olden	Kristiansand	2 580	
16-Jul	AIDAsol	08:00	19:00	11:00	Kirkwall	Bergen	2 686									
<b>21-Jul</b>	<b>Artania</b>	<b>08:00</b>	<b>09:00</b>	<b>01:00</b>	<b>Bremerhaven</b>	<b>Flåm</b>	<b>1 260</b>									
25-Jul	MSC Fantasia	08:00	18:00	10:00	Kiel	Skjolden	4 363									
31-Jul	AIDAmar	10:00	18:00	08:00	Haugesund	Kristiansand	2 580									

Sesongen 2023 (oppdatert mars 2023)

Vik i Sogn

## Agentbåten MS Arnafjord

«Agenten» vert i år å finna i Vik frå tidleg i mai og utover hausten. Som tidlegare år, vil me gå turar på bestilling rundt om i Sognefjorden. Båten har vorte meir og meir populær for kvart år. Det verkar som folk har fått augo opp for «saktetur» i 7 knop, og kosar seg om bord.

Om bord i Arnafjord har tida stått stille, alt er identisk som det var i 1937. Salongen og agentlugaren er det svung over. Sameleis maskinrommet med den 2 sylinder 50 hk «Rubben», som er ein oppfyringsmotor frå 1937.

Bedrifter og lag, samt familiar har leigd båten for turar rundt om i Sogn. Populære reisemål for småturar har vore Finden, Arnafjorden, Balestrand og Fjærland.

Båten vert å finna ved bryggja under Gamalostfestivalen, Brin Gebærfestivalen og på Aurlandsmarknaden. MS Arnafjord opererer i Bergensområdet vår og haust, og i Sogn om sommaren.



For bestilling av tur i Sogn, kontakt Morten på tlf. 916 13 271.  
 For bestilling av tur i Bergensområdet, kontakt Per Jarle på tlf. 916 41 944.

God sommar!

Helsing mannskapet på MS Arnafjord

## Geithus VVS as

6863 Vik i Sogn

E-post: post@geithusvvs.no

Mob.: 950 41 606



Trelast og byggevarer / Makita verktøy



**Printfarm.no**



-ditt TRYKKERI i Sogn og Fjordane  
post@printfarm.no - tlf. 57 66 23 60



TRYKT I  
NORGE  
NO - 4345

VISITKORT - HEFTER - BØKER  
EMBALLASJE - PLAKATAR M.M.



## HIGEBUTIKKEN



På Vangsnes og Vetløyri Senter

**Båtdiesel, smøreolje, diesel  
til landbruk og anlegg**

**Sogn Olje as**

Tlf. 95 27 32 91

**F<sup>+</sup> FRESVIK  
PRODUKT**

gastan.no



Skreddarsydde  
isolasjonspanel til kjølerom,  
fryserom og næringsbygg.  
100% norsk.

**Marknadsleiar på  
kjøle- og fryserom til butikk**

- Kort monteringstid – lås i alle overgangar
- Kvalitet frå produksjon til ferdig montert

Diskutere prosjekt? Ring oss på 57 69 83 00

Fresvik Produkt | N-6896 Fresvik | Tlf. 57 69 83 00 | post@fresvik.no fresvik.no

**BYSTØL**

Tlf. 57 69 85 80  
post@bystol.no

# Lakseelva Vikja - ei av Norges beste -



Sesong: 15. juni-15. september

[www.vik-jfl.no](http://www.vik-jfl.no)



Fiskekort bestillast hjø: Gamle Trevaren, tlf. +47 90108631/91705988 – [morten@vik-jfl.no](mailto:morten@vik-jfl.no)



## Berdal Røyr & Sanitær

① **91 82 26 23**

④ **95 04 80 44**

## Vik Camping

6893 Vik i Sogn

Telefon 57 69 51 25

## Vik Apotek

### OPNINGSTIDER:

Mandag-fredag 08.45-16:15

Torsdag: 09:30-16:30

Laurdag 10:00-13:00

### VIK APOTEK

Røysavegen 2, Vikjatunet

6893 Vik i Sogn

Tlf. 57 69 83 83

E-post: [vik@dittapotek.no](mailto:vik@dittapotek.no)





Frå konserten i 2018 under kyrkjemusikkfestivalen, med profesjonelle engelske songarar som stiller opp utan ei krone i støtte frå korkje stat eller kommune.

# Hove kyrkjemusikkfestival

16. – 19. september 2023

Tidlegare kantor i Vik, James Reed, har vorte årvis med dei utplukka engelske korsongarane sine. Fleire av songarane har vore med på Hovefestivalen mange gonger, og kjem att.

Kva er det som lokkar dei? Dei kjem då frå mykje større katedralar enn Hovekyrkja? Jau, nettopp difor! Hovekyrkja er så spesiell at ho er forlokkande på dei. Ein gong kom det ein songar heilt frå Amerika, via London, og til Vik, berre for å syngja på desse konsertane. Året etter kom det ein profesjonell orkestermusikar med walzhorn som instrument. Hobbyen hennar var korsong. Her i Vik fekk ho prøva eit bukkehorn for fyrste gong. Ho spelte skalaøvingar både opp og ned, og fekk fram tonar som aldri hadde kome fram frå det instrumentet tidlegare. Til slutt spelte ho kromatisk skala på ein dorull. Men slikt får me ikkje høyra i Hovekyrkja. Her vert det seriøse tonar.

Hugsar du pengeinnsamlingi på 90-talet til eit nytt kisteorgel til Hove-kyrkja? Bygdafolket gav over 200 000 kr til instrumentet. På den tid var dette normal pris for ein dyr bil. I dag kostar tilsvarande orgel ¾ million kroner.

Førre vinter sende me dette orgellet på justering og vøling på Åsen orgelbyggeri i Trøndelag. Våren etter kom det att i topp stand til Hovemadonna-konsertane.

Dette instrumentet er heilt avgjerande for at musikkfestivalen kan gjennomførast. Ikkje berre at det er avgjerande, men det er forlokkande i tillegg, sjølv kor lite instrumentet er. Det måtte i si tid spesialbyggast for å få det inn hovuddøri i kyrkja. Ho er 76 cm brei.

I det heile så er kyrkjerommet, songarane og instrumentet årsaki til at dette har vorte årvisst. Og sjølvsagt må me ikkje gløy-

**LAURDAG 16. SEPT** Kl. 12: Lunsjkonsert med sopran Ros Sutherland  
Kl. 21: Orgelvesper (konsert) med kammerkor

**SUNDAG 17. SEPT** Kl. 11: Engelsk høgmesse  
Kl. 17: Korkonsert "Bach to basics" med musikk av Bach for kor og orgel  
Kl. 21: Orgelvesper med kammerkor

**MÅNDAG 18. SEPT** Kl. 21: Orgelvesper med kammerkor

**TYSDAG 19. SEPT** Kl. 21: Orgelvesper med kammerkor

Konsertserien er i samarbeid med Fortidsminneforeningen

ma krumtappen i heile kyrkjemusikkfestivalen, James Reed. Han har vorte vikjapatriot på høgd med Helge Brekke, Erling

Stadheim og Arne Inge Sæbø. Billettprisen bestemmer du sjølv i det du passerer kollekskål. jb

# Attraksjonane i Vik

## Hopperstad stavkyrkje

Stavkyrkja er frå 1130. Open frå mai til september med guiding.

## Hove steinkyrkje

Steinkyrkja er frå ca 1170. Open frå midt i juni til midt i august. Guiding. Kan bestilla vising der utanom skuleferien.

## Moahaugane

Ni gravhaugar på terrassekant på Hove. Gangveg forbi. Infotavle.

## Fridtjovstatuen

22 m høg statue på Vangsnes av sagnhelten Fridtjov den frökne. Gåve frå keisar Wilhelm II i 1913. Infotavle. Fin park rundt.

## Vikøyri

Gamal strandsitjarstad, tettbygd område i sentrum mellom elvane. Skilta kulturløype. Kan bestilla guiding på Turistkontoret. Er laga hefte om Vikøyri.

## Kristianhus Motormuseum

På Vikøyri ved utløpet av elvi Vikja. Noregs største samling av gamle båtmotorar. Også nokre båtar og utstyr.

## Gamalt kraftverk i Refsdal

Viks første kraftverk frå 1913 er restaurert. Ope for synfaring og orientering under festivalane. 10 km frå sentrum til Refsdal.



## Tistel gardsmuseum

Garden Tistel ligg 6 km frå sentrum i retning Voss. Der er det gardsbruk, campingplass og fleire gamle bygninigar. Inne i dei gamle husa er det gardsmuseum, med mange gamle gjenstandar. Ta kontakt for omvising, tlf. 95 23 09 25.

## Finden, Finnabotnen,

### Strendene

Veglause grender vest for Vik og Arnafjorden. Høve til overnatting og servering. Rutebåt måndag, onsdag og fredag. Mange fråflytta grender mellom Nese og Ortnesvik. Gangveg mellom glandene.

## Skredstova

Bygg med minnetavle og informasjon om rasulukka på Nese i 1811 som kravde 45 menneskeliv. 27 km frå Vik.

## Kulturløype Feios

Start i Osen med info om fleire kulturminne som bl.a. Hjelsengstova, skulehuset på Helleland, smia på Brennene og meir. 19 km frå Vik.

## Mensen Ernst

I Fresvik er det minnestein over den største langdistanseløparen til alle tider, Mons Monsen Øyri frå Fresvik. 35 km frå Vik.



**HIGHSOFT**



**SBM**

SBM as (tidlegare Sogn Bygg og Montasje as) leverer totalentreprisar, delentreprisar, prosjektering, materialar og utføring innanfor stål- og næringsbygg, fasadar og betongarbeid.



Foto: Studio 1 fotografene

## Vik Musikkensemble 90 år

Jubileumskonsert 18. november

Vik Musikkensemble vart skipa 15. november 1933 og er dermed 90 år i 2023. Det skal markast ved fleire høve, men først og fremst ved ein jubileumskonsert i Blixhalli laurdag 18. november. Då skal ikkje berre musikklaget delta, det vert ei framsyning av dei mange kulturtreflene som er i Vik. Set av datoene allereie no.

Det er viktig for ei bygd og ein kommune å ha eit musikkensemble. Tenk på kva 17. mai hadde vore utan eit musikkensemble. Vik Musikkensemble har vore ein viktig kulturbærar alle desse 90 åri, og dei er gode å ha ved tilstellingar og feiringar.

Men eigentleg har korpsmusikken i Vik mykje lenger tradisjon enn 90 år. For før musikkensemblet vart skipa, hadde Vik eit militærkorps skipa i 1893. Dei hadde øvingsstad i Tamburholan der det var oppsett eit musikk-

telt. Dei var til saman 12 faste hornblåsarar. Militärmusikken hadde sine faste plikter for det militære. Dei spelte blant anna på Hopstock hotell der offiserane budde, ved bataljonsøvingane, under utmarsjar og ved særlege høve. Men dei spelte og til dans, blant anna på jonsokkvelden og ein og annan sundagskveld, alltid på Plassen. Dei spelte også på 17. mai og ved festlege samkommer i Vikjahalli. Det var ikkje mange musikklag i Sogn på den tid, difor vart dei og hyra inn utanbygds.

Militärmusikken heldt fram etter at Viksmoen vart lagd ned i 1898, og dei var på Bømoen med jamne mellomrom. Musikken eksisterte heilt fram til krigen.

På biletet ser de 21 musikarar med dirigenten. Musikkensemblet treng rekruttering og vil opp-

moda til at fleire blir med. Det er mange i Vik som har spelt tidlegare i skulekorps og i musikklaget, og dei og nybyrjarar er

hjarteleg velkomne. Det er øving ein gong i veka, på tysdag kvelden. Vik treng eit musikkensemble for å halda fram nye 90 år.



### «Tor Talle Duo»

Dans på Blix hotell, laurdag 12. august kl. 21.00. 20 år. Billettar i døri.



[www.blixhotell.no](http://www.blixhotell.no)  
Følg oss på Facebook  
Tlf. 57 69 65 50  
epost:booking@blixhotell.no



# FRES23

27.-29. JULI

Nettside: [www.fresn.no](http://www.fresn.no)

Mange artistar er alt klare: Girl scout, WIZRD,

Bo Milli, Rick Grove, Draken.

Fleire kjem, fylg med på nettsida.



**MONTAL**

Bygg og anleggsarbeid med Montal



**Sogn  
SPAREBANK**

Lokalbank ved di side.

Aurland Lærdal Vik Sogndal Årdal Bergen



# PLANAR OM HUS ELLER HYTTE I VIK KOMMUNE?

Her er ein kortfatta oversikt over tomtetilbodet som finst i Vik kommune. I gjeldande kommuneplan for tidsrommet 2013-24 er det vist byggeområde for bustader og hytter i alle bygder i Vik kommune. For utfyllande informasjon og kart. Plandokumenta er tilgjengelege på heimesida til Vik Kommune.

Som hovudregel er det sett krav til reguleringsplan for dei viste områda før bygging kan starta.

Tomtefelt for bustader kan regulerast av kommunen, eller av private eigarar. Hytteområde må regulerast av eigarar eller andre interessentar, og er ikkje rekna for ei communal oppgåve.

Her kjem ei oversikt over område med godkjent reguleringsplan, der det er eller vil bli byggeklare tomter i nær framtid.

## Regulerte område for bustader

- Indrefjorden i Arnafjord. Fjordnære tomter for bustad/hytte i området Hagen og Åsberget.
- Odlane, Framfjorden. Eit fåtal tomter i eldre kommunalt bustadfelt.
- Hovsviki mellom Liktvoran og Vikøyri. 3 tomter for bustad/fritidsbustad.
- Tenål i Vik. Planvedtak 2017. 13 Byggeklare tomter i kommunalt felt.
- Tråna, Vangsnes. 8 Byggeklare utsiktstomter i kommunalt felt .

- Rinde, Feios. Eldre kommunalt tomtfelt med eit fåtal tomter att.
- Rinde hytte og bustad, ny reguleringsplan opnar for kombinert føremål bustad/fritidsbustad.
- Grundeland, Fresvik sentrum. 2-3 byggeklare tomter.

I tillegg til regulerte tomtfelter for bustader i oppstillinga over, er det sett av område i Vik sentrumsområde for meir konsentrert utbygging i form av rekkehus, lågblokker og liknande.


Det er prosjekt i gang for utbygging på to slike område:

- Øenmarki, byggesteg 1 er utført, planlegging av byggesteg 2 er på gang.
- Sæbøjordet (reguleringsplan vedteken 2016).

## Regulerte område for hytter/fritidshus

- Indrefjorden. Fjordnære tomter for bustad/hytte i området Hagen og Åsberget.
- Osen i Framfjorden. Tomter i strandsona ved elveosen.
- Vik Fjellandsby i Nyastølli øvst i Bøadalen. Nær fjellet og Vik Skisenter.
- Hagane mellom Djuvik og Tveiti. Tomter i strandsona.
- Kleivi, Vangsnes. Strandtomter/rorbuer ca 0,8 km sør for ferjekaien.
- Rinde hytteområde, Feios. Ny reguleringsplan opnar for kombiner formål: bustad/fritidsbustad i strandsona.
- Solali hytter i Fresvik.
- Øyri i Fresvik. Naust/hytter ved fjorden.

Turid K. Brekke/Ottar Wiik



Kartutsnitt. Regulerte område for nye bustader og hytter i Vik kommune pr 2017.



**FOSSE**  
Maskin & transport AS

**6893 Vik i Sogn**

**post@fossemaskin.no**

**Tlf. 975 02 809 - 907 55 185**



**Fosse Maskin og Transport AS er din lokale entreprenør.**

**Me utfører det meste av tenester innan bransjen, og leverer sand, singel, pukk og stein fra eige steinbrot, etter ynskje fra kunden.**

**Ta kontakt!**

**HALSET  
ENTREPRENØRSERVICE AS**  
**6893 VIK I SGN**

**NATURSTEIN GRAVING TRANSPORT**

**TLF. 41 61 18 82 - 90 91 26 21**

**Vik IT-Partnar blir**  
**sognenett it**

Kontakt oss på:

telefon 4821 8888

post@sognenett-it.no



Bilverkstad 0-7,5t

Eu-kontroll

Bilskadeavdeling

Dekksenter

Dekkhøtel

RING 53 40 32 00 ELLER BESTILL  
TIME DIREKTE PÅ CARFIX.NO

**CARFIX VIK - tlf. 57 62 30 00**

Vikøyri Sentrumsgata 2

E-post: vik@carfix.no - carfix.no/vik

**Original-service**

- Alle bilmerke
- Alle el-bilar

*Du held på nybil-garantien og får  
bransjens beste  
servicegarantiar!*

**CARFIX**

### Godkjent bilverkstad / Dekkforhandlar

**Me utfører service, PKK, feilsøking  
og reparasjoner på lette køyretøy!**

**12 mnd. veghjelp  
er inkludert i servicen.**

**TOSTELS AUTO AS**

Limmesand - 6893 Vik i Sogn

Telefon: 57 69 77 99



**M E C A**  
CAR SERVICE



**Kvitevarer**  
**Brunevarer**  
**Småelektrisk**  
**Belysning**



**Vik Elektro & Interiør**

Tlf: 47688888 post@vik-elektro.no

[www.vik-elektrointerior.no](http://www.vik-elektrointerior.no)

**Solskerming**  
**Garn og tilbehør**  
**Blomster til alle anledninga**





**VIK REKNESKAP AS**  
AUTORISERT REKNESKAPSFØRARSLESKAP  
Postboks 84, 6891 Vik i Sogn

Blomster til alle høve! – Spør oss!



*Syutrand Gartneri a.s.*  
Leikanger - Tlf 57 65 19 10

**Bech arkitekter**  
909 20 966



Djuvik Camping  
6894 Vangsnæs

Mobil 911 41 878

E-post: post@djuvikcamping.no  
[www.djuvikcamping.no](http://www.djuvikcamping.no)



MASKINENTREPENØR:  
**Stokkebø Maskin AS** driv bla. med:

- Brøyting
- Vegvedlikehald
- Boring/sprenging
- Dyrking
- Vegbygging
- Tomter
- Massetransport
- Salg av stein,  
singel, pukk og  
grus.

## Kundane scorar Vekselbanken som beste bank sjette året på rad i ei kundeundersøking for Eika Alliansen

Jonny Nordøy som er bedriftsrådgjevar og ekspert på kunderelasjonsmålingar i Kantar Norge uttalar fylgjande om resultata i årets kundeundersøking:

For femte året på rad toppt Vekselbanken listen med de mest fornøyde og lojale kundene i Eika Alliansen. Banken leverer på særdeles høyt nivå over tid, og det viser at banken klarer å utvikle og endre seg i takt med kundenes forventninger. Vi har jo ikke tall på alle banker i Norge, men det er ikke usannsynlig at Vekselbanken har Norges mest fornøyde bankkunder, sier Jonny Nordøy, bedriftsrådgiver og ekspert på kunderelasjonsutvikling i Kantar. Banken har flinke folk som yter god personlig service og nyter høy tillit som rådgivere for sine kunder.

Me er takksame for dei gode tilbakemeldingane! Saman med kundane våre skal me halde fram med å utvikle oss vidare, og vera ein god medspelar i alle livsfasar.

Søkjer du gode råd og løysingar på dine forsikrings- eller bank behov kontakt oss på telefon 56 52 35 00, ta ein tur innom banken på Voss eller send ein e-post til [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)



Solfrid Dagestad Midttun, avd.leiar Personmarknad  
Leidulf Finden, Leiar Forsikring og Forsikringsansvarleg



**Vekselbanken**  
– ein god medspelar –

Ein alliansebank i **eika.**

## Fiskeutstyr

## Båtutstyr

## Leilegheiter



- Fiskeutstyr til elv, fjord og fjell
- Båtutstyr
- Båtutleige
- Utleige av fiskeutstyr
- Fiskekort for Vikja og Vikafjellet
- Service/diagnose på båtmotorar
- Hengarutleige



**Gamle Trevaren fiske og båtutleige**  
Vetleøyri 2, Vik i Sogn. [post@gamletrevaren.no](mailto:post@gamletrevaren.no) [gamletrevaren.no](http://gamletrevaren.no)  
Tlf +47 91 70 59 88 / 90 10 86 31



**Med skybasert rekneskap får  
du tid til overs**  
**- tid du kan bruke på det du vil**

**Accountor Sogn**

Tlf: 57 69 58 96 | e-post: [sogn@accountor.no](mailto:sogn@accountor.no)

**accountor**

# VELKOMEN TIL 60 SPREKE BUTIKKAR

Vårens mote finn du  
i butikkane våre!



*Følg oss på  
Instagram  
og Facebook!*

**AMFI SOGNINGEN** | 10-19 (18) | [amfi.no/sogningen](http://amfi.no/sogningen)

**AMFI**  
SOGNINGEN

# SOGNE FJORD KIROPRAKTIKK

Vårt mål er å redusere smerter,  
fremje helse og auke livskvalitet.

Lokalt tilbod i Vik, Balestrand og Leikanger:

- Kiropraktikk
- Individuell trening
- Råd og rettleiing

Ta kontakt:

[sognefjordkiropraktikk.no](http://sognefjordkiropraktikk.no)  
[post@sognefjordkiropraktikk.no](mailto:post@sognefjordkiropraktikk.no)  
45 87 08 82

Me hjelper deg gjerne!



@sognefjordkiropraktikk



## SYNSHOVDEN OPP

HEIL OG HALV



[www.synshovdenopp.no](http://www.synshovdenopp.no)

**3. juni**  
**MOTBAKKELØP og TRIMTUR**  
for heile familien med klassekonkurranse

Mål heil  
og halv

- Start trimmarar utan tid frå kl. 12.00. Mål på Gunnarsete.
- Fellesstart konkurranseklasser kl. 13.00 med TO løyper, heil og halv.
- Klassekonkurranse til Gunnarsete
- Premieutdeling på Vik Stadion ca. kl. 15.30
- Open kiosk og aktivitetar for born på Vik Stadion
- Natursti for borna med spørsmål og premiar

Start på Vik Stadion 13 m.o.h. stigning til 443 m.o.h. Gunnarsete 2,8 km eller 790 m.o.h. Synshovden og til mål 10,5 km. Mål på Gunnarsete for begge løyper.



Påmelding: [synshovdenopp.no/deltaker.no](http://synshovdenopp.no/deltaker.no)  
Påmeldingsfrist konkurranseklasses: **1. juni**, etterpåmelding fram til kl. 12. løpsdagen.

Utdeling av startnummer: ved start

Trimklasse: Påmelding og betaling ved start

Startkontingent/lisens

- Kr 50 pr. deltakar utan tidtakking
- Kr 300, under 18 år kr 200 konkurranse
- Tillegg for lisens i konkurranseklassen
- Etterpåmelding + 100 kr i konkurranseklassen

God premierung!

- Deltakarpremie til alle
- Pengepremier til dei tre beste damene og mennene, 1.500 kr, 1.000 kr og 500 kr i LENGSTE LØYPA
- Premiar til dei tre beste i kvar klasse
- Gåvepremier trekt på startnummer

Arrangør: Friidrettsgruppa, tlf.nr. 975 69 488

# Mensen Ernst Minneløp 2023!



I fjer blei me kåra til "Årets friidrettsarrangement utanfor bane", og i år ønskjer me å toppe det! Laurdag 24.juni kan du vera med å oppleve sol, sommar, og ekstremt god stemning under Mensen Ernst Minneløp i Fresvik!! Her er mosjonsløpet tilrettelagt for absolutt alle saman, uavhengig av alder, erfaring og form. Vel distansen som passar best for deg; **1,5km, 3,5km, 6,5km eller 12km**. Me har også **barneløp** og **rullestolløp** på programmet (400m), samt **stafett** med 4 personar på kvart lag. Samtlege distansar, samt stafett startar samtidig i ein stor fellesstart.

Flotte medalje til alle som fullførar! Kiosksal mm.

For påmelding eller meir informasjon, besøk [www.mensemernst.org](http://www.mensemernst.org), søk opp Mensen Ernst minneløp på eq-timing.no

Mvh IL Modig



# Statkraft

Vedlikehaldsgruppa  
**Vikfalli**  
6893 Vik i Sogn

Telefon Vikfalli - 480 24 961